



Elin og Geir Enes ser fram til opninga laurdag 16. juni kl. 10.

Elin's Matleder, Rosendal opnar lunsjrestaurant i Skålagato laurdag 16. juni. Det er hektisk i innspurten, men det meste er på plass. Restauranten med øl og vinrett har 45 sitjeplassar inne og 30 plassar ute. Produksjonslokale vil vera i Uskedalen. I Rosendal vil Elin ha eit effektivt restaurantkjøkken med mellom anna kjølebeholdarar og elles det utstyret som trengst.

All design i lokale er moderne og tilpassa bygget. Bakveggen har naturmotiv. Golvet er flisa og alt inventar er anten kjøpt på Jysk, Ikea eller Clas Olsson. Det er barkrakkar ut mot gata. Det er eit stort kombinert handikaptaolett og vanleg toalett. I tillegg er det toalett og garderobe for tilsette.



[Det er plass til 30 gjester ute.](#)

Det har vore mykje arbeid med med ferdigstilling av lokale. Kjellaren vart ribba og bygd opp på nytt. Alle vegger og tak er kledde på nytt. Det er montert ny og moderne ventilasjon. Geir og Elin Enes har lagt ned stor eigeninnsats for å få restauranten klargjort til opninga. Det meir faglege er utført av Kvinnherad Elektro, Johanssen Rør og Hoem Blikk. Lio Sag har levert alt i trelast, måling og tapet.

Elins Matgleder, Rosendal vil på sin meny ha lunsjrettar med mellom anna pizza med gode salatar, suppe, italiensk is, kaffi, øl og vin. Det vert også ein dagens rett. Elin har alt arbeidd seg opp god kontakt med bubilgjestene i Rosendal. Lokale ligg sentralt til i Skålagato og dei turistane og andre tilreisande fer forbi på veg til Baroniet.

Det er lagt opp til tre arbeidsplassar i restauranten. All catering vil gå ut frå Uskedalen. Dotter deira, Anine, vil driva sommarkafe i Uskedalen i fire veker. All informasjon og profilering vert som før, ved bruk av Facebook, Instagram og heimesida Elins Matgleder.

Opningstider:

- Måndag, tysdag, onsdag: kl. 10 - 17
- Torsdag, fredag: kl. 10 - 19
- Laurdag: kl. 10 - 16
- Sundag: Stengd

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Motivet på bakveggen i restauranten er gjort for å ta naturen inn i lokale.